

# Utsøkt konsert i Aure-kyrkja



Marthe Valle (f.v.), Sturla Eide og Øyvind Farnen stod for ein flott konsert i Aure kyrkje fredagskvelden.

**AURE: Publikum fekk oppleve ein konsert som osa av profesjonalitet og speglede i Aure kyrkje fredagskvelden. Trioen Valle, Eide og Farnen gjorde nemleg ein konsert utanom det vanlege.**

Daniel Dyrnes  
redaksjonen@nordvestnytt.no

Men ikkje var det berre ein topp profesjonell konsert; her var og varme og humor, med ein trio som tydelegvis har funne tonen. Dei tre musikarane Marthe Valle (song, piano), Sturla Eide (fiolinar, gitar) og Øyvind Farnen (trekkspel) trollbatt dei fleste tilhøyrarane gjennom den godt timelange konserten. Mellom nummera var det drypstilt. – Her er det så stille at det nesten er skummelt, kommenterte Marthe Valle.

## Musikarane

Og nettopp Valle var vel den som vart lagt mest merke til gjennom konserten, all den stund ho stod for dei vokale innslaga, og var den som kommuniserte mest med publikum. Valle er da også den som er best kjent landet sett under eitt. Blant anna vore med i både X-faktor og Melodi Grand Prix, og er såleis godt kjend gjennom TV-ruta. I 2005 fekk Marthe Valle Spelemansprisen som beste nykomar. Orkdalingen Sturla Eide er vel mest kjend som folkemusikar, men

han er og engasjert i andre musikkprosjekt, det ein kallar kulturberar. Og Øyvind Farnen treng vel ikkje så mykje meir presentasjon for folk i Aure. Farnen har gjesta Aure mange gongar, mellom anna som deltakar på Nordmørstreffen.

## Variert meny

Konserten baud på ein variert meny, der trioan alt frå første stund markerte kor dei var, nemleg gjennom bruramarsoj frå Aure og Valsøyfjord, som denne marsjen etter kvart er vorten kjend som. Når vi så fekk ”Blå, blå salme” i forlenginga var det tydeleg at trioan ville seife publikum i stemming gjennom nokre kjende toner. Vidare ut gjennom konserten fekk vi høyre ein del eigenkomponert stoff frå Valle og Eide, ein sving innom Hellbillies, samt og nokre sakrale tonar, slik som salma ”Deg å få skoda” i ein nydeleg versjon. Øyvind Farnen viste kva for brilliant musikar han er nettopp gjennom ”Valse Brillante” av Egil Hauge, eit nummer han meinte han nesten var forplikta til å framføre når han var i Aure. Men det er vanskeleg å peike på kva som var høgdepunktet i

denne sjeldan vakre konserten, nokre vil kanskje seie den norske versjonen av ”Both sides now”, til tekst av Ola Bremnes. Eller kanskje var det nemnde salme.

## Samarbeid på sparket

Ein del som kjenner til trioan venta nok på ”Gje meg handa di”, og den måtte dei til pers med til slutt. Publikum gav seg ikkje med ovasjonane før trioan entra podiet ein siste gong og gav til beste nettopp denne vakre irsk/norske

songen. Og som vi har fått oss fortald var oppmakta til samarbeidet mellom desse tre. Under Selbufestivalen vart Marthe Valle oppfordra til å synge akkurat denne vakre songen etter 22. juli, og i salen sat både Farnen og Eide. Dei tre slo seg altså i lag for fyrste gongen i 2011, og sidan har dei halde fram med samarbeidet.

## Ny plate

Marthe Valle seier forøvrig til NV-nytt at ho nettopp har vore 14 dagar i Trondheim, og spela inn ei ny plate med egne songar. Denne vil kome ikkje så langt ut på nyåret. Forøvrig bor harstadjenta Valle

no i Bergen, der ho i tillegg til musikkarrieren og så var ”litt sjukepleiar”, som ho kalla det. Valle har nemleg flagga nokså direkte at ho ikkje berre vil vere musikar, ho vil gjerne ha eit yrke å falle tilbake på. Forhåpentlegvis vil ho glede publikum med musikken sin i mange år framover, både ho, og resten av trioan er artistar av eit slikt format at vi gjerne ser dei igjen. Ros også til Nordmørstreffens venner som hadde sytt for å få trioan til Aure, gledeleg då at oppmøtet var godt til ein slik konsert å vere.



Etter konserten vanka det blomster til ulike aktører. Her er det Marthe Valle som får ein god klem av Stein Brage Raanes, som ivra for å få til konserten. Bak f. v. ydmann Martin Raanes, Sturla Eide, Øyvind Farnen og Mari Karin Lønsund, konferansier for kvelden.